



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Evalueringsrapport: Ekstremvêret Urd 25-26. desember 2016

Ekstremvêret Urd førte til at ferjer og hurtigbåtar slutta å gå 26. desember. Lokaltrafikken med jernbane mellom Egersund og Stavanger var utan drift store delar av denne dagen. Tre som fall over vegar og straumleidingar førte til kortvarige stengingar av vegar og kortvarige bortfall av straum. Til saman var om lag 2600 abonnentar i Rogaland råka av straumbrot. Det er ikkje meldt om alvorlege skader på menneske eller miljø. Denne rapporten tek for seg kva som skjedde, korleis handteringa var, og kva vi lærte.

16. februar 2017

Innleiing

Vêrvarslinga på Vestlandet sendte ut Fase A varsel både 23. og 24. desember for mogleg ekstremvêr. Fase B varsel kom 25. desember og ekstremvêret fekk namnet Urd. Fase C varsel (ekstremvêret er her) kom 26 desember. Fase D varsel (ekstremvêret over) kom natt til 27. desember. Ekstremvêret passerte Rogaland 26. desember, og var på sitt kraftigaste mellom kl. 15.00-20.00.

Varsel om ekstremvêret blei send vidare til kommunar og eit utval av regionale etar i samsvar med Retningslinjer for varsling og rapportering på samordningskanal (DSB 2016) og Fylkesmannen sin eigen kriseplan.

I tillegg blei det etablert kontakt med utvalde etatar som politiet, Statens Vegvesen, Sivilforsvaret, kraftforsyninga med fleire, allereie under Fase A.

Dette var spesielt viktig denne gong sidan hendinga var midt i julehøgtida.

Alle kommunane og dei regionale etatane som fekk mest å gjere med ekstremvêret blei 27. desember bedt om å lage ein evaluering. Frist for innsending til Fylkesmannen blei sett til 13. januar 2017.

Evalueringsrapporten er laga ut frå tilbakemeldingar frå innsendte rapportar, samtaler vi hadde på førehand og under vegs då uvêret stod på med kommunar og etatar og Fylkesmannen sin eigen vurdering av det som skjedde.

1. Konsekvensar av hendinga

Menneske og miljø

Etter det me kjenner til vart ingen skada under uvêret. Det er heller ikkje rapportert om større skader på miljø.

Straum og telekommunikasjon

Til saman var 2644 abonnentar utan straum under uvêret. Dei fleste fekk straumen tilbake etter kort tid (2 – 4 timer)

Samferdsel

- Jernbane – lokaltrafikken mellom Egersund og Stavanger var stengd store delar av 26. desember på grunn av saltråk på straumleidningane. Regionstoga gjekk, men ikkje i rute.
- Dei fleste ferjer og hurtigbåtar var og innstilte denne dagen. Til dømes Arsvågen – Mortavika, Nesvik - Ombo - Hjelmeland, hurtigbåtane i Ryfylke, Mekjarvik – Kvitsøy, Stavanger – Tau, ferja til Utsira og ferjene til utlandet. Nokre ferjeruter kom ikkje i gang før på føremiddagen 27. desember.
- Fleire mindre vegar var stengde i kortare periodar på grunn av tre som fall over vegar eller mindre ras. Elles var fjellovergangane over Haukelifjell og Hardangervidda, fylkesvei 45 Hunnedalen og riksveg 13 v/ Nesvik stengd.
- Fly og helikopter trafikken stansa delvis opp utover dagen 26.12 og var først tilbake i normal drift på førermiddagen 27. desember.

Kritiske samfunnsfunksjonar - Anna

Sjølv om ferjer og hurtigbåtar vart innstilte og vegar tidvis stengt i kortare periodar, klarte helsevesenet, politi og brannvesen å oppretthalde ein akseptabel beredskap. Dette fordi naudetatane var godt budd og fordi dei kunne flytte ressursane sine under uvêret. Også kommunane var flinke til å halda kontakt med brukarar som er avhengige av hjelp frå kommunen.

Innsats frå Sivilforsvaret, Forsvaret og dei frivillige organisasjonane.

Sivilforsvaret hadde styrka beredskapen i stab og varsla innsatsstyrkene sine på førehand, men det vart ikkje behov for deira ressursar denne gong. Også dei frivillige var budd på innsats. Politiet var i kontakt med FORF som er overbygninga for alle dei frivillige. Det var og kontakt mellom dei frivillige og fleire av kommunane med tanke på innsats dersom det skulle vera nødvendig. Det same gjaldt Forsvaret det HV-08 staben hadde kontakt med politiet.

Fylkesmannen hadde kontakt med Sivilforsvaret og Røde Kors både før og under ekstremvêret for å gi informasjon og for å få tilbakemelding om dei var i innsats.

2. Varsling frå fylkesmannen

Fylkesmannen sendte alle varsla frå Meteorologiske institutt vidare til kommunane og andre etatar som står på vår varslingsliste. Vi la på tilleggs kommentarar der vi meinte det er nødvendig på bakgrunn av samtale med vakthavande meteorolog, vår erfaring med tidlige ekstremvêr og vår kjennskap til lokale forhold.

For å sikre at alle kommunar og etatar var best mogleg budd på ekstremvêret ville me ha kvittering på av varla var motteke fram til Fase C.

Alle varsel, oppdateringar og Fylkesmannen si vurdering av varsla ble på vår nettstad og på vår Facebook side.

Her er eit døme på varsel som ble send vidare. Det er eit utklipp frå et av Fase C varsla.

Ekstremværet Urd melding 4

Ekstremværet Urd er nå inne i fase C. Det betyr at det pågår akkurat nå. Siste oppdatering fra Met kom kl. 14.26.

«I ettermiddag, mandag, vestlig full og periodevis sterk storm, tidlig i kveld dreierende nordvest. Det ventes vindkast på 35-45 m/s inn over land. Seint i kveld og tidlig natt til tirsdag minkende vind, først i nordlige områder. Det vil også bli høye bølger langs kysten, signifikant bølgehøyde på 11-13 m. Maksimal bølgehøyde på 20-25 m. Mellom Lindesnes og Stad ventes høy vannstand i ettermiddag og i kveld, estimert til 60-85 cm over verdiene oppgitt i tidevannstabellen».

Fylkesmannens vurdering:

Det er ikke noen forandring i forhold til forrige oppdatering. Siste informasjon er at vinden dreier fra vest til nordvest ca. kl. 18-20 i kveld. Det forventes å løye ca. ved midnatt. Informer oss hvis det oppstår ekstraordinære situasjoner.

I tillegg til vêrvarsla frå Vêrvarslinga på Vestlandet blei dei og sendt ut flaumvarsel og snøskredvarsel frå NVE.

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) held kontinuerleg oversikt over status for telesamband og IKT i Noreg. Dei hadde ekstra beredskap under Urd og sendte ut fleire situasjonsrapportar til fylkesmennene.

Her er eit døme på ein rapport frå Nkom under Urd.

Varsling

Nkom

E-post: ekomvarsling@nkom.no

Nødnett melder om 33 basestasjoner spredt over hele landet som er nede. Det er per nå ingen store konsentrasjoner av basestasjoner som er nede.

Telenor meldte litt over kl. 18 om et alvorlig fiberbrudd feil mellom Gravdal og Ramberg i Lofoten.

Mobildekning er sterkt redusert/utilgjengelig, samt utfall på fastnett bredbånd og fastnett telefoni i Flakstad, Værøy, Røst og Moskenes.

Også for Telia er mobildekningen ute i samme område.

Entreprenør er kalt ut for måling på fiber for å nærmere identifisere skadested.

Nødetater er varslet.

Ekom-operatører har styrket bemanning og etablert beredskap hos sine entreprenører. De følger situasjonen forløpende og vil blant annet vurdere utkjøring av mobile strømaggregater og annet utstyr ved behov.

Dersom Rogaland vert råka av tele- eller IKT svikt eller blir kommunar og andre aktørar varsla vidare på same måten som varsel om ekstremt vær.

Kvar gong vi sendte vidare eit varsel blei 159 etatar og personar varsla av oss på e-post og SMS under Urd

3. Kommunane si varsling til innbyggjarane

Det blei gjort veldig ulike vurderingar i kommunane. Nokre meinte at innbyggjarane var godt nok varsla gjennom nyhende i vanlige media. Ein del kommunar la ut varsel på sine heimesider på nett og på Facebook og nokre også på Twitter. Fleire viste til met.no eller andre nasjonale kanalar. Andre la ut informasjon til innbyggjarane der dei oppmoda om å fjerna lause gjenstandar osv. Nokre kommunar tok direkte kontakt med både enkeltpersonar og bedrifter og bad dei sikra lause gjenstandar. Ein av desse kommunane var Bjerkreim.

4. Førebuande tiltak og intern varsling i organisasjonane

Vi sit igjen med inntrykk av at mange kommunar og andre involverte aktørar gjorde gode førebuande tiltak. Det er skilnad på kva tiltak som vart sette i verk.

Politiet i Stavanger

Gjorde nytte av tiltakskort som vart laga etter ekstremvêret Synne i 2015. Disse vart brukt både i førebuingane til Urd og under stormen.

Politiet i Haugesund

Ringte til alle kommunane i sitt område før uvêret kom. Vurderte, men kom til at det ikkje var nødvendig å kalle inn ekstra politimannskaper. Flytta eigne biler frå utsatt parkeringsområde, og hadde elles ein god gjennomgang av beredskapsplanane i forkant av uvêret.

Sivilforsvaret

Sivilforsvaret var i kontakt med Fylkesmannen og politiets operasjonssentralar i Haugesund og Stavanger.

Lyse Elnett

Operativ leiing i Lyse vart varsla av eigen driftssentral. Driftssentralen hadde ekstra personell på vakt. Kraftselskapas beredskapsorganisasjon (KBO) vart varsla og orientert. Det same vart politiet, brannvesenet og aktuelle kommunar.

Haugaland kraft (HK)

HK dobla sin montørvaktstyrke under ekstremvêret Urd. Dei varsla sine kundar om beredskapen. Haugaland kraft gjorde bruk av sosiale media for å nå kundane sine.

Helse Stavanger HF (HSHF)

Helse Stavanger HF gjorde ei vurdering over kva områder som kunne bli isolert. Dei førebudde sine utrykkingsmannskaper med ekstra utstyr som klede og mat m.m. for å kunne operere i sterk ving og mykje nedbør. Dei kontakta og luftambulansen, legevakta og dei andre naudetatane. HSHF tok kontakt med viktige funksjonar som hadde bakvakt slik at dei skulle vera budd på utkalling.

Leiarar i Helse Stavanger HF blei varsla via SMS og bedt om å sjekke ut at dei faktisk kunne kome på jobb i den mest kritiske perioden og ha reserveløysingar klar om dei ikkje kunne kome på jobb. Årsaka til dette tiltaket var at det på grunn av heilagdrift var minimum med personale på sjukehuset.

Bygningar og områder rundt sjukehuset ble kontrollert og sikra mot sterk vind.

Seksjonsleiarar for ambulansetenesta hadde kontakt med legevakter og andre kommunale tenester i sitt område og avtala samarbeid under oppdrag.

Elles var og ei rekkje andre prosedyrar gjennomgått for å sikre best mogeleg samhandling både internt i helsetenesta og med dei andre naudetatane. Eit døme på slike avklaringar er ambulansébåtar, ambulanshelikopter, SeaKing redningshelikopter. Det blei vurdert om nokre av desse ressursane ikkje kunne brukast som vanleg under ekstremvêret.

Koordinatorer som kartlegg pasientflyten på sjukehuset vurderte talet på pasientar fortløpande og vurderte bruk av pasienthotellet for pasientar som normalt ville blitt flytta over til primærhelsetenesta eller send heim.

Helse Fonna

Det vart utplassert ambulansar i Røldal og i Hardanger på grunn av usikre vegforhold.

Ferjene mot Bergen og Stavanger vart innstilte, men det var mogeleg å koma til Bergen via Tysnes og til Stavanger via Ryfylke.

Statens vegvesen (SVV)

Etablerte gul byggherreberedskap. SVV meiner at dei er blitt flinkare på førebuingar før varsla ekstremvêr som dette. SVV gjennomgår mulege scenario på førehand. SVV gir ros til driftsoperatørane for gode førebuingar på beredskapen denne gong.

Kommunane i Rogaland

Fylkesmannen har inntrykk av at kommunane i Rogaland stadig blir stadig betre å førebu seg på ulike ekstremvarsel. Mange samla kriseleiinga, eller det dei kallar ei tilpassa kriseleiing, før uvêret. Ressurspersonar blei informerte og i nokre fall blei ekstra mannskap set i beredskap. Fleire meldte at dei kontakta Sivilforsvaret og frivillige organisasjonar for å avklara kapasitet. Det same gjeld andre lokale ressursar.

Fylkesmannen

Fylkesmannen hadde ekstra beredskap frå 23. desember (Fase A varsel). Fylkesmann, assisterande fylkesmann, kommunikasjonssjef og fylkesberedskapssjef hadde jamlege samtalar. Alle vêrvarsel frå 23. desember blei sendt vidare til alle kommunar og andre etatar i vår varslingsplan. Alle varsla blei lagd ut på vår heimeside og på Facebook.

Vidare hadde vi kontakt med og formidla informasjon frå Nkom, kraftforsyninga sin distriktssjef (KDS), helseføretaka og Sivilforsvaret.

På oppmodning frå operasjonssentralen til politiet i Stavanger laga vi på førehand ein oversikt over kva telefonnummer dei kunne nå kommunane på under ekstremvêret den 26. desember.

5. Planar og kriseorganisasjon

Alle kommunar i Rogaland har ekstremvêr og flaum i sine ROS analyser. Ikkje alle har laga tiltakskort eller konkretisert i kriseplanen kva som er viktig å hugse på i ein slik situasjon. Til tross for dette har mange kommunar rapportert om konkret bruk av planverk, særleg i den førebuande fasen før ekstremvêret kom. Dei viser og til god intern dialog både på førehand og under ekstremvêret mellom beredskapskoordinator, rådmann og heile eller delar av kriseleiinga i kommunen.

6. Samhandling og koordinering under hendinga

Politiet

Politiet i Stavanger viser til godt samarbeid med Fylkesmannen, Sivilforsvaret, AMK sentralen, Brannvesenet, Kystvakta v/ KV Bergen, HV-08 og dei frivillige organisasjonane gjennom FORF (Frivillige Organisasjonars Redningsfaglige Forum). Politiet rapporterte og til politiets (nye nasjonale) situasjonssenter, PSS. Dei viser til nyttig samhandling med Fylkesmannen og Vegtrafikksentralen (VTS) under stormen. Politiet brukte Hovudredningssentralen (HRS) og Fylkesmannen som kontaktpunkt for å skaffa avklaringar frå Meteorologiske institutt om ekstremvêret Urd.

Politiet i Haugesund var, i samråd med Statens vegvesen, mellom anna ute og kontrollerte bruer under uvêret. Politiet hadde elles god kontakt med kommunane, Sivilforsvaret, dei største hamnene, frivillige organisasjonar osv.

Sivilforsvaret

Sivilforsvaret mobiliserte sine mannskaper, men etter avklaring med politiet vart ingen mannskaper kalla inn som reserve. Dei vart kontakta av Sandnes kommune og av 110 sentralen, men var ikkje i aksjon under stormen.

Lyse Elnett

Det er Lyse Elnett sin driftssentral saman med operativ leiding som tek seg av koordinering og tildeling av ressursar hos Lyse. Dei viktigaste kontakt-/ koordineringspunkt for Lyse i ein situasjon som dette er politiet, brannvesenet, kommuner, media, Fylkesmannen og NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat). Samhandling og koordinering mot disse fungerte bra under Urd..

Haugaland kraft

Haugaland kraft har behov for ressursar til skogrydding og kraftprodusent i ekstremvêr som Urd. Desse ressursane er lista i selskapets planverk. Elles har selskapet godt samarbeid med aktuelle kommunar, naudetatane og med KBO som er Kraftselskapas beredskapsorganisasjon.

Helse Stavanger HF

Dei hadde telefonkonferanse med AMK og Legevaktsentralane og kartla områder som kunne bli isolerte. Dei etablerte ein reservepool på UIS. Nokre reservepersonell overnatta på sjukehuset.

Helse Fonna

Det var ingen store hendingar i Helse fonna sitt ansvarsområde.

Statens vegvesen (SVV)

SVV var i kontakt med politiet i Haugesund med omsyn til eventuell stenging av bruer, som er et politiansvar. Var og i kontakt med ferjeselskapa, men desse var flinke til å varsle VTS – Vegtrafikksentralen så snart dei såg at ferjer måtte stoppe å gå. SVV laga og situasjonsrapport som vart delt med alle som hadde bruk for denne.

Kommunane

Mange meldte om tre som bles over ende og sperra vegar og stiar. Det var og meldt inn mindre straumutfall og hendingar om farlege gjenstandar på «flukt» på grunn av manglande sikring. Mange kommunar meldte at dei hadde hatt god kontakt med Politiet og med Fylkesmannen. Kommunane var nøgde med vêrvarsla som kom via Fylkesmannen. Nokre framheva at det var bra å få Fylkesmannens vurdering av varslinga. Andre rapporterte at dei la eigne erfaringar til grunn når dei vurderte tiltak før ekstremvêret kom. Nokre kommunar, Bjerkreim, Gjesdal og Sandnes kommune, avtala nabohjelp på førehand.

Fylkesmannen

26. desember etablerte Fylkesmannen ein tilpassa krisestab på fire personar i Statens Hus. I tillegg var kommunikasjonssjefen på jobb heimanfrå og la fortløpande ut informasjon på vår nettstad og på facebook. Assisterande fylkesmann deltok på telefonmøte med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap kl. 13.00 og var også på jobb deler av dagen.

Vi hadde kontakt med alle kommunar. Dei fekk vidaresendt alle varslar frå met.vest@met.no. Det same fekk alle aktørar på våre varslingslister. Vi hadde tett kontakt med politiet sine operasjonssentralar i Stavanger og i Haugesund. Det same hadde vi med Vegvesenet, kraftselskapa og andre med ansvar for viktig infrastruktur i Rogaland.

Vi vurderte å sette opp telefonmøte med kommunane og viktige aktørar som politiet, vegvesenet og kraftselskapa, men fant det ikkje nødvendig fordi vi hadde god oversikt over situasjonen og fordi ekstremvêret ikkje førte til alvorlege hendingar.

7. Kommunikasjon og informasjon

Statens vegvesen SVV

Statens vegvesen hadde sin kommunikasjonsstab i beredskap.

Lyse Elnett

Lyse Elnett informerte tidleg media og la ut informasjon på eigne nettsider. Dei oppretta kontakt mellom kundesenter og driftssentral for at kundar raskt skulle få informasjon om status. Lyse svara på spørsmål frå kundar på Facebook. Lyse ga og informasjon til kommunar som var råka av straumbrot ved å senda meldingar på SMS. Ein kommune responderte på denne kommunikasjonen. Lyse brukte da kontaktlista som var laga av Fylkesmannen.

Haugaland kraft

Haugaland kraft brukte sosiale mediar for å nå kundane sine. Selskapet skriv i si evaluering at dei har eit forbettringspotensiale her. Dei vil nå vurdere bruk av SMS som varsling direkte til kundar som blir råka av straumstans.

Elles meiner Haugaland kraft at dei hadde god kontakt med andre aktørar og myndigheitsfunksjonar under Urd.

Kommunane

Dei fleste kommunar la ut informasjon til publikum på sin nettstad og/eller på Facebook. Nokre, mellom anna **Haugesund**, meinte at publikum fekk nok informasjon frå media. Kriseleiinga i **Stavanger, Randaberg, Sandnes og Sola** har Nødnett. Dei testa dette sambandet kommunane i mellom på førehand. **Sandnes** kommune responderte på melding sendt til dei frå Lyse Elnett om straumutfall for kundar i Sandnes.

Eigersund kommune trekk og fram bruk av Nødnett. Dei testa dette (brann) på førehand mot politiet.

Karmøy på si side peikar på problem med dekning for Nødnett i sin kommune. Dette har dei tatt opp med DNK fleire gonger. Dei ber om at Fylkesmannen følger dette opp vidare.

Fylkesmannen

Fylkesmannen la alle vêrvarsla, oppdateringar og våre vurderingar av situasjonen ut på vår nettstad og på vår Facebook side. NRK Rogaland var i kontakt med oss fleire gonger før og

under hendinga for å få status på situasjonen. Elles kommuniserer Fylkesmannen med kommunar, fylkesberedskapsrådet og andre aktuelle aktørar via etablerte beredskapsadresser på e-post og SMS.

8. Læring og oppfølgingspunkt

Haugaland kraft

Haugaland kraft ser i ettertid at dei kanskje burde ha lagt om drifta av nettet for å vere betre rusta for ekstremvêret. Beredskapsleiinga fungerte ikkje heilt etter planen.

Haugaland kraft ønsker i framtida å kunne ha betre kontroll på kor mange kundar som er råka når ei hending som dette slår til. Dei vil leggja opp til at råka kundar kan bli varsla direkte via SMS.

Lyse Elnett

Sjølv om dei hadde ekstra personell på vakt, og hadde kontakt med eit skoghoggingsfirma på førehand, vil dei likevel ha fleire vaktlag i reserve ved liknande ekstremvêrvarsel i framtida.

Lyse vil etablere eit betre system for handtering og varsling av feil som oppstår i distribusjonsnettet. Dei håper dette skal vera i bruk innan utgangen av februar 2017. Dei vil ved neste ekstremvêrvarsel, som dette, og ha fleire vaktlag i beredskap.

Politiet

Politiet i Stavanger hadde og stor nytte av «Tiltakskort for ekstrem vêrvarsel» som vart laga etter ekstremvêret SYNNE. Tiltakskort og planverk vart brukt både før og under ekstremvêret. Politiet i Haugesund hadde god nytte av den gjennomgangen dei hadde før det varsla uvêret kom. Det vil dei halda fram med.

Sivilforsvaret

Sivilforsvaret stiller spørsmål om det var tiltak ein kunne sett i verk eller hatt ekstra fokus på før ekstremvêret slo til. I så fall kunne ein ha vurdert å kalle inn til felles møte med nød- og samvirkeetatane på førehand. Men dei seier sjølv at dette ville vore krevjande sidan det var midt i Julehelga.

Kommunane

- Time kommune vil setje krisestab ved neste gong det kjem eit ekstremvêrvarsel.
- I Tysvær avdekka dei manglande kompetanse til å forstå konsekvensane av straumutfall og kunnskap om bruk av naudstraums-aggregata ved sjukeheimar eller andre kritiske bygg. Dei vil og laga vaktplan for leiarar med ansvar for beredskap i kommunen.
- Sola kommune skriv at det er nødvendig å ha kontakt med politiet og moglege eigarar av hendingar som følge av uvêret. Sola kommune etterlyser og øving med satellittsamband og bruk av Nødnett. Dei meiner det er viktig å peika ut møteplasser for publikum i kvar kommune på førehand. Her kan folk koma for å gi eller få informasjon dersom mobilnettet og anna kommunikasjon skulle bryta saman. Slike plasser må naudetatane vere kjende med.

Fylkesmannen

Vi lærte at det var nyttig å ha fleire på jobb enn vi har hatt før under eit ekstremvêr. Det var til god hjelp i hektiske periodar når informasjon skal hentast inn og situasjonsrapportar skal skrivast. Det er viktig å lage eit situasjonsbilete så raskt som mogleg og dele dette med dei andre involverte.

Vi vurderte behovet for telefonmøter med kommunar og utvalde andre etatar, men fall denne gong ned på at det ikkje var nødvendig. Det vil likevel vere eit aktuelt tiltak neste gong det kjem eit ekstremvêr.

Oppmodinga frå politiet om å lage ei liste over kva nummer kommunane var operative på under ekstremvêret var en god ide som vi vil ta med oss vidare.

9. Avslutning og vegen vidare.

Den einsskilde etat som har identifisert læringspunkt må sjølv ta ansvar for den vidare oppfølging. Når det gjeld Nødnett vil Fylkesmannen vente på kva som skjer vidare med å ta det i bruk i kommunale kriseleiingar før vi gjer noko meir. Vi ser behovet for å øve meir på bruk av satelittelefoner. Vi testa dette mot fleire kommunar under Øvinga IKT16. Vi tar med oss dette ønske vidare i vår øvingsplanlegging.

Fylkesmannen takker alle for god samhandling under ekstremvêret Urd og dei evalueringsrapportane vi fekk etter hendinga.